

---

Saksnr: 2021/17587-8  
Saksbehandlar: Sara Sofie Landro

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		09.11.2021

**Sal av Nygjerdet 8 (tidl. Kleppestø tannklinikk) til Askøy kommune**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt om sal av eigedomen Nygjerdet 8 på Askøy for kr. 4.775.000 til Askøy kommune.
2. Salssummen på kr. 4.775.000 blir sett av til kapitalfondet.

Samandrag

Kleppestø tanklinikk og Florvåg tannklinikk vart samlokaliserte i ein ny tannklinikk, Askøy tannklinikk, i 2017. Som ein følge av dette flytta Kleppestø tannklinikk ut av eigedomen Nygjerdet 8 (gnr. 7, bnr. 132) i Askøy kommune.

Sidan 1.1.2018 har eigedomen vore leigd ut til Askøy kommune. Dei ynskjer no å kjøpe Nygjerdet 8, og det er forhandla fram ein avtale om sal av eigedomen til Askøy kommune for kr. 4.775.000.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Kjøpekontrakt Nygjerdet 8
- 2 Situasjonkart Nygjerdet 8
- 3 Verditakst innhenta av Vestland fylkeskommune
- 4 Verditakst innhenta av Askøy kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen hadde tidlegare 2 tannklinikkar i eigde lokale på Askøy; Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk. Desse vart samlokaliserte i ein ny tannklinikk, Askøy tannklinikk, i 2017. Askøy tannklinikk held til i leigde lokale på Kleppestø Torg, som er ein del av Kleppestø Senter.

Etter at lokala på Florvåg var fråflytta, vart dei selt. Eigedommen der Kleppestø tannklinikk hadde vore, Nygjerdet 8, vart frå 1.1.2018 leigd ut til Askøy kommune for kr. 374.000 i året. Dei har nytta lokalet som kontorlokale.

Vestland fylkeskommune har ikkje behov for bygget til eige bruk og eigedomsavdelinga har sidan 2017 hatt eit ynskje om å avhende lokalet. Bygget vart bygd i 1943 og det vil bli behov for oppgraderingar dersom Vestland fylkeskommune skulle fortsetje å leige ut bygget. Dette kjem fram av vedlagte takstar.

Askøy kommune viste allereie i 2018 interesse for å kjøpe bygget med tilhøyrande tomteareal, men partane vart då ikkje einige om pris. Partane vart i 2021 einige om å rekvirere ein ny/oppdatert takstrapport kvar. Askøy kommune innhenta verditakst frå takstmann Knut Anders Aase datert 8.5.2021. Her vart det sett ein verdi på kr. 4.600.000 på eigedommen. Vestland fylkeskommune innhenta verditakst frå takstmann Arthur Sundt datert 30.4.2021. Her vart det sett ein verdi på kr. 4.950.000. Partane vart einige om å setje salssummen mellom desse to verdiane, kr. 4.775.000. Askøy kommune vil leige eigedommen fram til overtaking 30.12.2021. Ei overtaking av eigedommen den 30.12.2021 har som konsekvens at den inngåtte leigeavtalen med Askøy kommune med oppstart 1.1.2018 fell bort.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å vedta sal av eigedom opp til eit beløp på 5 millionar kr, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

### Vurderingar og verknader

Eit sal vil gje Vestland fylkeskommune inntekter, og skulle fylkeskommunen haldt fram med utleige ville bygget hatt trong for oppgraderingar.

**Økonomi:** Salet av eigedommen vil gje positiv påverknad på økonomien med styrking av fondsavsetjinga.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ikkje behov for bygget i Nygjerdet 8. Fylkesdirektøren rår til at eigedommen vert selt til Askøy kommune for kr. 4.775.000.